

# Historisk meisterskap

Valldalsmeisterskapet på ski vart arrangert skjærtorsdag. Dette var eit historisk mesterskap då det for første gong gjekk i fristil.



Harald Vestre var ein av dei mange veteranane som stilte til start. (Foto: Åsta Skjervøy.)



Spenninga er stor før startskotet går. (Foto: Einar Hoel)

Dette gjorde at mange nytta høvet å gå skøyting, men det var også ein del som brukte den klassiske stilen. Oppslutninga var god, om lag 120 stilte til start. I og med at rennet var lagt til påska, var det også ein del gjester som nytta høvet til å prøve løypene på Omenås. Størst deltaking var det i klassa 8 år og yngre, med 50 startande.

Det er også verdt å merke seg at i klassene over 16 år var det i alt 41 stykke på startstrekken, av desse 9 kvinner. Det er sterkt. Ikkje overraskande var dei raskaste gjennom løypene Hans Martin Gjedrem og Jori Mørkve.

Tradisjonen tru var dette også "merkerenn" og mange nytta høvet til å registrere ein ny godkjent prøve til Norsk Skimerke. Det er no fleire som har avlagt så mange prøvar opp gjennom åra at dei kan hente ut alle heidersbevis som Norges Skiforbund har.

Ved VM er også skisesongen nesten over. No står det att sesongavslutning på klubbhuset komande torsdag med mellom anna premieutdeling frå Valldal/Liabygda Cup.



Hans Martin Gjedrem tek i mot Elias Hoel Che i mål og overrekker medalje. (Foto: Einar Hoel.)



Jørgen Dyb Stakkestad legg ut frå start i flott stil. (Foto: Einar Hoel.)



Frå premieutdelinga. (Foto: Åsta Skjervøy.)

## Valldalsmeisterskapen på ski - 2007

### 8 år og yngre

Marte Nerli  
Kari Døving Feste  
Kristine Døving Feste  
Andrea Myklebust Sunde  
Matias Myklebust Sunde  
Nikolai Myklebust Huitema  
Lars Markus T. Sunde  
Vetle Hoel Haadem  
Magnus Myklebust  
Gaute Høydal Lingaas  
Karoline Høydal Lingaas  
Eskil Linge Glomnes  
Åsmund E. Jacobsen  
Emma Vikene  
Ida Emilie Moastuen  
Amund Moastuen  
Olav Gjedrem Lund  
Iver Gjedrem Lund  
Sondre Gjedrem Lund  
Matias Ola Erstad  
Elias Hoel Che  
Julienne Hoel Che  
Naomi Hoel Che  
Erlend Fjeldstad  
Jørgen Dyb Stakkestad  
Emma Dyb Stakkestad  
Oda Sofie Kilsti  
Selma Bersås Eggen  
Frida Solberg Døving  
Veronica Stennes Valdal  
Eline Hjelle Bjørstad  
Beathe Hjelle Bjørstad  
Jon Estil Krågebakk  
Rakel Celine Hurlen  
Tobias Grøtta Myklebust  
Isac Indreeide  
Ina Indreeide

Emilie Heggen  
Gunnhild Sunde  
Maria Kårstad Sunde  
Amund Kårstad Sunde  
Anna Kårstad Sunde  
Helena Indreeide Rognsø  
Nora Indreeide Rognsø  
Elida Fuglem  
Andrea Tynes Sunde  
Simon Aleksander Døving  
Håkon Døving Bentz  
Emilie Døving Bentz

**Gutar 9 år**  
Johannes yvrevoll  
Kornelius Linge Glomnes  
Lage Hoel Haadem  
Jens Martin Myklebust

**Jenter 9 år**  
Sigrid E Jacobsen  
Oda Krågebakk  
Vilde Fjeldstad  
Tiril Grøtta Myklebust

**Gutar 10 år**  
Tarjei Jensen Årberg  
Martin Gjedrem Lund  
Andreas Ødegaard

**Gutar 11 år**  
1) Iver Matias Linge Glomnes, Valldal IL 06.53  
2) August Døving Oksavik, Valldal IL 14.19

**Jenter 11 år**  
1) Johanna Bersås Eggen, Valldal IL 09.44  
2) Elisabeth Myklebust Huitema, Valldal IL 11.31

**Jenter 12 år**  
1) Marie Lovise Hoel, Valldal IL 07.09

**Jenter 13 år**  
1) Randi Elise Grønningsæter, Valldal IL 13.36  
2) Benedikte Reiten, Valldal IL 13.57  
3) Karoline Nerli, Valldal IL 14.29

**Gutar 14 år**  
1) Jens Olaf Lingaas, Valldal IL 10.02  
2) Robert Tafford Iversen, Valldal IL 10.59  
3) Sondre Hjelle Farstad, Valldal IL 11.52  
3) Espen Dale, Valldal IL 11.52  
5) Per Gunnar Ødegaard, Valldal IL 12.08

**Jenter 14 år**  
1) Anne Kristin Hoel, Valldal IL 11.41  
2) Inger Line Berdal, Valldal IL 11.55  
3) Anna Elise Nerhus, Valldal IL 17.24

**Gutar 15 år**  
1) Bjarte Grønningsæter, Valldal IL 24.27  
2) Anders Døving Oksavik, Valldal IL 25.10

**Gutar 16 år**  
1) Lars Anders Hoel, Valldal IL 14.54

**Menn junior/senior**  
1) Hans Martin Gjedrem, Valldal IL 26.11  
2) Lars Petter Hauge, Valldal IL 30.36  
3) Ole Martin Hauge, Valldal IL 31.31  
4) Jan Ole Fuglem, Valldal IL 32.09  
5) Harald Starheim, Valldal IL 33.49  
6) Øyvind Grønning, Valldal IL 35.37  
7) Magne Eivind Glomnes, Valldal IL 35.42  
8) Veibjørn Bjørstad, Valldal IL 36.17  
9) Einar Lund, Valldal IL 36.44  
10) Pål Morten Krågebakk, Valldal IL 37.42

11) Terje Nerhus, Valldal IL 37.58  
12) Arnstein Storås, Valldal IL 38.09  
13) Svein Ove Døving, Valldal IL 38.21  
14) Einar Hoel, Valldal IL 38.37  
15) Arne Sandnes, Valldal IL 38.39  
16) Geir Myklebust, Valldal IL 39.28  
17) Magne Hoel, Valldal IL 40.07  
18) Lars Olav Sandnes, Valldal IL 40.13  
19) Ole Kristian Hoel, Valldal IL 40.20  
19) Oddbjørn Hoel, Valldal IL 40.20  
21) Alf Hoel, Valldal IL 41.37  
22) Per Magnus Berdal, Valldal IL 43.14  
23) Arnfinn Oksavik, Valldal IL 53.48  
24) Lars Feste, Valldal IL 57.34

**Menn veteran**  
1) Harald Vestre, Valldal IL 22.15  
2) Kjell Tafford, Eidsdal IL 22.55  
3) Jostein Gjerde, Valldal IL 23.49  
4) Gudmund Hoel, Valldal IL 24.31  
5) Kjell Vad, Valldal IL 24.49  
6) Ottar Storås, Valldal IL 25.24  
7) Tore Hoel, Valldal IL 28.40  
8) Olav Bersås, Valldal IL 28.48

**Damer junior/senior/veter**  
1) Jori Mørkve, Valldal IL 14.16  
2) Anne Gry Myklebust, Valldal IL 16.31  
3) Elisabeth Gjerde, Valldal IL 17.02  
4) Siv Kristin Tafford, Eidsdal IL 17.37  
5) Kjersti Hoel, Valldal IL 17.57  
6) Mona Elisabeth G. Lund, Valldal IL 18.33  
7) Ingrid Olave Bersås, Valldal IL 23.27  
8) Ragnhild Hoel, Valldal IL 25.58  
9) Ingrid Døving Oksavik, Valldal IL 32.32



## Alt for Norddal

Den tradisjonelle NIL-festen, som vanlegvis er i jula, var i år flytta til påskeaftan. Folk fekk servert det vanlege, god mat, fyldig program og dans.

Som tittelen seier var dei villige til å gi alt for Norddal. Denne sketsjen hadde sitt opphav på TV2, der norddalingane hadde gjort sin eigen vri. Bra oppmøte og dei godt over 100 påmelde fekk nyte norddalingane i fri utfalding. Det meste blei spøkt med og ikkje minst brukte komiteen seg sjølv godt. Datamaskin og video var tatt i bruk, noko som sleppte latteren laus.

### I tida

Ein badeagent vasa rundt i fjøra og fortalde om alt det skumle som fanst der, to pøblar vedgjekk at det var dei som hadde postkas-seprenging som hobby. Dette og meir var ting som var tatt rett ut av tida dei i Norddal lever i. Komiteen har sjølv sagt hatt mange koselege stunder før dei framførde programmet sitt, og publikum var godt nøgde. Maten skadde ingen, ein fekk opna latterdøra og løyst litt opp før dansen tok til utpå kvelden. Eit 30-tals nye gjestar kom til grendasalen i Norddal og folk fekk svinga seg til langt på natt.

Norddal idrettslag er godt nøgde med sine arrangament i påska. Bingoen var stappfull og ein skal ikkje klage på NIL-festen heller, vart det sagt.

Alle foto:  
Stian Ljøen Melchior



Tore Ivar Kaldhusæter ga meir enn alt for Norddal.



Malin Kleiva frå Trondheim, men med røter, framførde to låtar.



Ragnhild Grønningseter rapporterte frå fjøra.

### Superpriser på sommerdekk!

Her er det penger å spare!

Aurora TIRE	NEXEN	NEXEN
<b>K706</b> Økonomi dekket med lav rullestand og vekt.	<b>SB-650</b> Komfortdekk med lav rullestand som gir lavt drivstofforbruk.	<b>N2000</b> Støysvakt sportsdekk. Særdeles slitesterkt. Stabilt under alle forhold.
175/70R13 82T Kun <b>399,-</b>	175/65R14 82T Kun <b>499,-</b>	195/65R15 91H Kun <b>599,-</b>

Be om tilbud på montering!  
Du finner alle våre priser på [www.superdekk.no](http://www.superdekk.no)

Stikk innom å få ein pris på nye sommardekk!

**SUPER DEKK** www.superdekk.no SERVICE Sikkerhet hele veien...

**V/B VALLDAL BILSENTER AS**  
6210 VALLDAL - TELEFON 70 25 77 06 - FAKS 70 25 76 46 108814 07